

Tilråding frå Statsforvaltaren til
Miljødirektoratet om vern av skog på
Svanøy, Kinn kommune



Statsforvaltaren i Vestland, februar 2024

Innhold

1.	FORSLAG	3
1.1	Heimelsgrunnlag.....	3
1.2	Verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget	3
1.3	Andre interesser	6
2.	SAKSHANDSAMING	8
2.1	Sakshandsamingsprosessar.....	8
2.2	Forholdet til utgreiingsinstruksen	9
2.3	Forvaltningsstypesmakt	10
3.	VIKTIGE ENDRINGER UNDER BEHANDLINGA AV VERNEPLANEN.....	10
3.1	Namn	10
3.2	Avgrensing.....	10
3.3	Verneforskriftene	11
4.	FORVALTNING, ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVENSAR.....	11
4.1	Vurdering av samfunnensnytte og samfunnsøkonomiske konsekvensar	11
4.2	Forvaltningsmessige og budsjettmessige konsekvensar	11
4.3	Avveging skogvern – skogbruk	11
4.4	Forvaltningsmynde	12
5.	Skildring av Svanøy, med merknader	12
	Inngrepsstatus og andre interesser:.....	13
	Samandrag av høringsinnspela:.....	13
	Kommentar frå Statsforvaltaren:	18
	Namn	20
	Avgrensing	20
	Verneforskrift	20

Kart og verneforskrift finn du bak i dette dokumentet.

1. FORSLAG

Statsforvaltaren i Vestland tilrår vern av Svanøy naturreservat i Kinn kommune, Vestland fylke, i medhald av naturmangfoldloven (lov om forvaltning av naturens mangfold).

Tilrådinga omfattar 5218 dekar nytt verneareal. Totalt skogarealet er om lag 4800 dekar, og av dette er om lag 3 900 dekar produktiv skog. Tilrådinga inkluderer fire fysisk separate delområde, der alle inngår i same verneplan med same verneforskrift. Det tilrådde vernearealet utgjer 47 % av totalarealet på Svanøy.

1.1 Heimelsgrunnlag

Områda blir foreslått vernet i medhald av naturmangfoldloven § 34 og § 62.

Områda blir foreslått verna som naturreservat, jf. naturmangfoldloven § 37. Vilkåret for å kunne opprette eit naturreservat etter naturmangfoldloven § 37 er at arealet anten inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur, representerer ein bestemd naturtype, på annan måte har særleg betydning for biologisk mangfald, utgjer ein spesiell geologisk førekomst eller har særskilt naturvitenskapleg verdi.

Naturreservatet skal bidra til bevaringsmål i naturmangfoldloven § 33, mellom anna bokstavane
a (variasjonsbredden av naturtyper og landskap),
b (arter og genetisk mangfold),
c (truet natur og økologiske funksjonsområder for prioriterte arter).

Verneområdet skal bidra til å oppfylle fleire nasjonale mål (sitat på bokmål):

- *Et representativt utvalg av norsk natur skal tas vare på for kommende generasjoner.*
- *Økosystemene skal ha god tilstand og levere økosystemtjenester.*
- *Ingen arter og naturtyper skal utsyrdes, og utviklingen til truede og nær truede arter og naturtyper skal bedres.*

Opprettig av eit verneområde på Svanøy bidreg til å nå internasjonale mål og forpliktingar, m.a. nedfelt i konvensjonen for biologisk mangfald artikkel 8 om eit samanhengande verneområdenettverk, jf. òg naturmangfoldloven § 33 bokstav g.

Ved å verne desse naturområda mot ulike typar inngrep gir verneområdet eit positivt bidrag til det nasjonale og internasjonale målet om å stanse tapet av naturmangfald, jf. naturmangfoldloven § 33 bokstav a, b og c. Områda vil bidra til å oppfylle det nasjonale målet vedteke av Stortinget om 10 % vern av skog.

1.2 Verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget

Det tilrådde verneområdet inkluderer viktige naturtyper og eit stort tal trua og nær trua artar. Vern av skogen på Svanøy bidreg til å redusere dei negative effektane av klimaendringane gjennom å sikre eit nettverk av viktige leveområde for naturmangfaldet i norske økosystem. Det tilrådde verneområdet har stor variasjon og rikt artsmangfald. Slike område er robuste mot endringar i klimaet og bidreg til langsiktig bevaring av artsmangfaldet og vidareføring av dei økosystemtjenester skogen gir. Vern av området vil bidra til langsiktig binding av karbon. Det meste av skogen i denne tilrådinga er gammal barskog, som ifølgje rapporten Skogvern som klimatiltak (NINA rapport 752) har det største karbonlageret per arealeining i levande biomasse. Etter figur 1 i den same rapporten blir den gjennomsnittlege karbonmengda i levande biomasse i skog som blir verna estimert til å vere om lag 70 tonn karbon per hektar.

Verneverdiane for Svanøy er knytt til 14 naturtypelokalitetar som vil bidra til å fylle manglar i vernet, samtidig vil dei bidra til å bevare trua og nær trua artar.



Figur 1 Det er registrert ulike naturtypar i skogen på Svanøy som til dømes varmekjær kjeldelauvskog, frisk rik edellauvskog, boreonemoral regnskog og gammal boreal barskog. Død ved er eit viktig element i skogen fordi så mange insekt, sopp og lav treng dette i livssyklusen sin. Då finn også spettane mat, slik spora på biletet kan vitne om. Foto: Statsforvaltaren i Vestland.

Kunnskapsgrunnlaget om naturmangfaldet i verneforslaget er innhenta mellom anna frå:

- Skogen, A., & Lunde, B. L. (1997). Flora og vegetasjon på Svanøy i Sunnfjord, med vegetasjonskart. Botanical Institute, University of Bergen.
- Hanssen U., Gaarder G. 2016. Naturverdier for lokalitet Svanøy: Kvalstadfjellet nord, registrert i forbindelse med prosjekt Kystfuruskog 2015. NaRIN faktaark. BioFokus, NINA, Miljøfaglig utredning.
- Gaarder G. 2016. Naturverdier for lokalitet Nokkeberget-Strandsbøåsen, registrert i forbindelse med prosjekt Kystfuruskog 2015. NaRIN faktaark. BioFokus, NINA, Miljøfaglig utredning
- Hanssen U. 2016. Naturverdier for lokalitet Svanøy: Kvalstadfjellet vest, registrert i forbindelse med prosjekt Kystfuruskog 2015. NaRIN faktaark. BioFokus, NINA, Miljøfaglig utredning.
- Tellnes S. 2017. Naturverdier for lokalitet Svanøy Storåsen, registrert i forbindelse med prosjekt Kystfuruskog 2016. NaRIN faktaark. BioFokus.
- I 2007 vart fleire delar av området undersøkt av Jon Klepsland i samband med supplerande naturtypekartlegging i Flora kommune (Gaarder 2009).

Dei viktigaste påverknadsfaktorane på verneverdiane i området som blir føreslått verna er spreiing av framande treslag. Vern av området skal sikre areal med viktige vernekvalitetar, bidra til å fjerne disse

negative faktorane og bidra til å dekke viktige manglar i skogvernet. Området vil bidra til langsiktig og effektiv bevaring av trua naturtypar og levestad for at mange trua artar, og dermed redusere den samla belastninga på artar som har risiko for å døy ut.



Figur 2 Storåsen har høgste punkt på 147 meter over havet, der mobilmasta er etablert (sjå omtale under kapittel 1.3. Ein granbestand er synleg på kanten bak masta, denne er i spreiingsfase. Det austlege arealet av Svanøy naturreservat ligg på Austneset ut mot høgre i biletet. Dei store, kvite bygningane nede til venstre er garden Solhaug. Foto: Johan Trygve Solheim.

Verneforskrifta opnar for at fleire pågåande aktivitetar kan førast vidare. Tiltak som isolert sett er vurdert å ha litra påverknad på verneformålet, kan i sum og over tid medverke til at verneverdiane vert svekka. For enkelte aktivitetar vil det derfor i tråd med prinsippa om samla belastning vere restriksjonar, slik at naturverdiane får eit auka vern. Dette er også i tråd med prinsippa om miljøforsvarlege teknikkar og lokalisering. Tiltakshavar skal betale der det ut frå omsynet til verneverdiane er verneregler om mellom anna ferdsel og infrastrukturtiltak. Ut frå dagens kunnskap om artar og naturtypar i områda vil dei aktivitetane som er i samsvar med verneforskriftene vidareførast. Disse vil i liten grad ha negativ innverknad på desse artane, naturtypane og landskapselementa. Vernereglane tillèt ikkje vesentlege inngrep i området.

Vi vurderer det slik at vernet vil føre til ei positiv utvikling for artane og naturtypane, jf. naturmangfaldsloven §§ 4 og 5. Vi vurderer kunnskapsgrunnlaget til å vere i tråd med kravet i naturmangfaldsloven § 8. Statsforvaltaren har ut frå ei føre-var-tilnærming i verneforslaget vektlagt moglegheita for fleire påverkingar av same slag, eller ein kombinasjon av fleire ulike påverknadsfaktorar (samla belastning). Det føreligg elles etter vår oppfatning tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfaldet, påverknadsfaktorar og effekten av vernet. Føre-var-prinsippet blir derfor ikkje tillagt ytterlegare vekt i denne saka.

For nærmare skildring av verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget, jf. naturmangfaldsloven kapittel II, blir det vist til omtalen i kapittel 6. Dersom området ikkje blir verna, vil det vere andre sektorlovar som regulerer arealbruken framover og som skal vareta omsyna til biologisk mangfold. Svanøy bruks- og verneplan vil framleis stå seg dersom arealet likevel ikkje blir verna, i tillegg gjeld bruks- og verneplanen utanfor arealet tilrådd til vern.

1.3 Andre interesser

Kraft og energi:


Det går ei 11 kV luftlinje i det føreslegne verneområdet nordvest for Kvalstadmyra, mellom Kletten og Sagevatnet. Linja AS er områdekonsesjonær i området. Sagevatnet ligg litt unna det tilrånne verneområdet, det er eit magasin i drift til kraftproduksjon der føremålet er akvakultur. Det er ikkje registrert kraftpotensial (digitalt småkraftpotensial) innanfor området.

Telekommunikasjon:

På Storåsen er det ei mobilmast. Den er relativt nyleg sett opp, og det var eit vilkår frå lokalbefolkninga og grunneigarane at den skulle setjast opp for at igangsettinga av verneprosessen skulle bli realisert.

Mineral

Det er spor av gamal gruveverksemd innanfor det tilrånne området. På det meste var nærmare 100 personar tilsett i drifta i gruvene, men aktiviteten vart lagt ned på 1920-talet. Det er registrert ein førekomst av kopar på Storåsen, innanfor dei tilrånne vernegrensene. Det er mangelfulle data på denne registreringa, og det er ikkje signalisert, etter høyringa, at førekomsten er aktuell for utvinning av mineral.



Figur 3 Raude punkt er registrerte aktsemdspunkt, truleg gamle gruveopningar, på Svanøy. Den raude trekanten er den registrerte forekomsten av kopar. Lilla skravert areal syner delar av kandidatområdet for skogvern. Kjelde: <https://minit.dirmin.no/kart/>

Forsking

På Svanøy vart det vinteren 2000/01 sett opp 12 ulike forskingshegn, der 10 er i skogen og 2 er innanfor gjerdet til Norsk Hjortesenter. Føremålet med hegna er å halde hjorten utanfor, slik at ein kan forske på dynamikken i skogøkosystemet med ulik grad av beitepåverknad. Det har vore, og vil truleg framleis vere ein god del forskingsaktivitet på Svanøy framover.



Figur 4 I skogane på Svanøy er det 10 hegn slik som den på biletet. Disse vart sett opp for 23 år sidan og har medverka til fleire artiklar om vegetasjonsdynamikk i skog. Foto: Stein Joar Hegland.

Kulturminne

Det er registrert eitt kulturminne, Vardeneset, i form av ei gravrøys innanfor det tilrådde området. Det kan også vere fleire kulturminne enn det som er registrert i offisielle databasar. I høyringsdokumentet refererte vi til ein rapport der det er vist til registreringar av helleristningar på Svanøy, men verken fagmiljø ved Universitetet i Bergen, kommunen eller lokalbefolkninga kjenner til disse, og vi går ut frå at dette var feil.

Friluftsliv, jakt og sanking

Det er mange som nyttar seg av stinettverket på Svanøy når dei går på tur, både fastbuande og tilreisande. Det vert lagt ned eit stort dognadsarbeid på stinettverket, og stiane er godt halde ved like og merka i terrenget. Sidan det sjeldan er snø på Svanøy er stiane i bruk stort sett heile året. Nokre av dei mest brukte stiane er merka og omtalt på Ut.no. Disse ligg inne på vernekartet som aktuelle også for riding og sykling. Det er gitt ut eit eiga stikart for Svanøy som tilreisande kan få tak i på butikken i Svanøybukta.

Jakt, særleg på hjort, er ein stor del av både næringa og rekreasjon på Svanøy. Det er mange jakttårn innanfor det føreslegne naturreservatet. Sanking av bær, nötter og matsopp er også ein populær aktivitet. Nokre fastbuande på Svanøy sankar ramslauk, men det vil ikkje kunne fortsetje innanfor eit framtidig naturreservat. Dette er formidla og avklart i verneprosessen.

Landbruk

Det er utstrekkt beite frå klauvdyr, spesielt sau, i den vestlege delen av det føreslegne naturreservatet i dag. Det er også kyr, hest og geiter på øya som brukar beiteressursane, men disse er i hovudsak utanfor dei føreslegne vernegrensene. Det er på gang rydding av beite og oppsetting av gjerde

utanfor det føreslegne verneområdet. Det er traktorvegar i randområda til det føreslegne naturreservatet. Det er ikkje reindrift eller samiske interesser på Svanøy.

Planstatus

Dette skriv Kinn kommune i si saksutgreiing då saka vart lagt fram for politisk handsaming i møte den 23.01.2024: *Deler av Austneset og søre del av Kvalstadfjellet er foreslått til «LNF spredt», pluss at det ligg inne eit mindre område som «noverande idrettsanlegg». Begge deler ser ut som at de «heng igjen» frå tidlegare kommuneplan. Nytt føremål for heile verneområdet blir "LNRF-areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytta næringsverksemdbasert på garden sitt ressursgrunnlag. Dette blir med eiga bandlegging/omsynsone/områdevern som naturreservat eller biotopvernområde. Skogsvegen som er unntatt vernet skal ha rett status i arealkartet.*

I vedtaket frå same møte står denne formuleringa om planstatus: *Når framlegget er endeleg vedteke må Kinn kommune samkøyre vernekartet med kommuneplanen sin arealdel.* Arealet i dette verneforslaget vil såleis bli avsett som LNFR-område i Kinn kommune sin arealplan når den er ferdig revidert.

2. SAKSHANDSAMING

2.1 Sakshandsamingsprosesser

I 1992 la Direktoratet for naturforvaltning fram to utkast til verneplanar (barskog og barlind-kristtorn) for Vest-Noreg. Begge utkasta omfatta areal på Svanøy, til saman 25 % av arealet på øya. Verneforslaga førte den gong til sterke reaksjonar frå grunneigarane på Svanøy, og både Miljøverndepartementet, Landbruksdepartementet og Direktoratet for naturforvaltning vart trekt inn. Disse etablerte ei arbeidsgruppe som skulle arbeide fram ein bruks- og verneplan som eit alternativ til vern etter naturvernlova. Vernet vart såleis lagt på is, og ei alternativ løysing vart etablert med prosjektet Svanøy bruks- og verneplan. Der skulle representantar frå Svanøy-samfunnet, kommunen og dåverande fylkesmannen i Sogn og Fjordane i lag utarbeide alternativ til vern etter naturvernlova. Bruks- og verneplanen skulle ta omsyn til miljø- og verneverdiar knytt til kulturlandskap, kristtorn og kystnær furuskog i tillegg til å sjå behovet for næringsutvikling og verdiskaping. Det vart laga ein bruks- og verneplan for alle landbrukseigedomane på Svanøy. Disse skulle også bli lagt til grunn ved utarbeiding av arealdelen av kommuneplanen. Det vart oppretta nye stillingar for å følgje opp planen. Prosjektet Svanøy bruks- og verneplan starta i 1997, der tidlegare fylkesmann Oddvar Flæte leia prosjektgruppa.

Dei siste åra har frivillig skogvern etter naturmangfaldlova vore den mest aktuelle verneforma. Som ordet seier, er dette eit vern der staten er heilt avhengig av at grunneigarane sjølv ønskjer dette. Grunneigarane i disse aktuelle skogområda på Svanøy har akseptert det økonomiske tilbodet frå staten, og med ordninga frivillig skogvern kan vi no tilrå eit vern på 47 % av totalarealet på Svanøy. Det er Norskog som har framforhandla vernet på vegner av grunneigarar, og som har sett til at interessene til grunneigarane blir ivareteke.

Det tilrådde området på Svanøy er lokalisert på gards- og bruksnummer 113/1, 113/5, 113/22, 114/1, 116/1, 117/1, 117/7 og 117/10 i Kinn kommune. Arealet er eigd av private grunneigarar som har signert tilbod om vern av eigedom som naturreservat etter prosedyren for frivillig skogvern. Miljødirektoratet eig også ein teig med gards- og bruksnummer 113/22 der det er ein pågåande prosess med makeskifte.

<i>Namn</i>	<i>Tilbod</i>	<i>Oppstart</i>	<i>Høyring</i>
Svanøy naturreservat	28.05.2021	29.09.2023	05.12.2023

Erfaringane frå Svanøy bruks- og verneplan la grunnlaget for å tidleg involvere Svanøy-samfunnet i dialogen om frivillig skogvern. Det har såleis vore fleire møte enn vanleg i skogvernprosessar, og dette har ført til eit høgt kunnskapsnivå og engasjement om vernet i lokalsamfunnet. Statsforvaltaren har prioritert meir kapasitet på vernesaka på Svanøy enn det som er vanleg i frivillig skogvernprosessar, og det har vore avgjerande for å få ein vellukka prosess. Dette er nokre av dei viktigaste møta vi har hatt i prosessen, i tillegg til den jamlege dialogen med Norskog og med Miljødirektoratet:

- Teams-møte mellom Norskog – grunneigarar- SFVL den 01.02.2021
- Folkemøte i Svanøybukt om frivillig skogvern og synfaring den 27.10.2021
- Kartlegging av gran og dialog med grunneigarar den 06.-08.04.2022
- Grunneigarmøte på Kvalstad og synfaring den 30.05.2023
- Bygdemøte Svanøybukt den 25.06.2023
- Bygdemøte i Svanøybukt den 27.09.2023
- Teams-møte, grunneigarar, bygdelag, SFVL den 08.02.2024



Figur 5 Statsforvaltaren har blitt invitert fleire gonger til Svanøy for å orientere om verneprosessen. Det har vore stor interesse med mange innspel og spørsmål under bygdemøta. Å gje god informasjon før og under den offisielle oppstarten av verneprosessen har bidrige til eit fåtals skriftlege innspel til høyringa og eit lågt konfliktnivå. På biletet presenterer ein av grunneigarane sine tankar om kva vernet vil kunne bidra med i lokalsamfunnet. Foto: Statsforvaltaren i Vestland.

I løpet av verneprosessen har vi hatt annonser i både digitale aviser og i papiraviser i Firda og Fjordingen. I tillegg har vi lagt vekt på å informere grundig på heimesidene våre. Her er lenke til nettsida med oppstartsmeldinga: [Frivillig skogvern i Vestland | Statsforvaltaren i Vestland \(statsforvalteren.no\)](#) Her er oppslaget vårt til høyringa: [Høyring av frivillig skogvern for Svanøya naturreservat i Kinn kommune | Statsforvaltaren i Vestland \(statsforvalteren.no\)](#) I tillegg har vi denne informasjonen om frivillig skogvern på våre heimesider: [Frivillig skogvern i Vestland | Statsforvaltaren i Vestland \(statsforvalteren.no\)](#).

2.2 Forholdet til utgreiingsinstruksjonen

Verneforslaget er utarbeidd i samsvar med Utgreiingsinstruksjonen. I kapittel 1 og 2 vert verneforslaget grunngjeve på overordna nivå og samanhengen med nasjonale og internasjonale mål om å ta vare på eit utval av norsk natur klargjort. Vidare blir forslaget omtalt kort om eventuelt kva som skjer med

verneverdiane viss vernet ikkje blir gjennomført og kva verkemiddel som eventuelt kan vere relevante. I kapittel 5 vert samfunnsnytta av verneforslaget vurdert på eit overordna nivå saman med økonomiske og administrative konsekvensar. I kapittel 6 blir forslaget omtalt og vurdert ut i frå generelle kommentarar. Det same med konkrete merknader til verneforslaget frå ulike partar, styresmakter og interessegrupper. Etter avvegingar mellom verneverdiane og andre samfunnsinteresser er det undervegs i verneprosessen vurdert justeringar i verneregler og avgrensing på kart.

Gjennomføringa av prosessen er gjort i samsvar med rundskriv T-2/15 om saksbehandlingsreglar ved områdevern etter naturmangfaldslova, forvaltningslova og utgreiingsinstruksen. Verneforslaget er basert på opne prosessar og god dialog med lokalbefolkninga undervegs, og utan god tid til fysiske møte og synfaringar hadde ikkje verneprosessen vore vellukka i same grad.

Gjennom verneplanprosessen er det gjort ei avveging mellom verneinteresser og andre brukar- og samfunnsinteresser. Verneforslaget er også i størst mogleg grad tilpassa dei ulike brukarinteressene i området. Krava i naturmangfoldloven § 14 er dermed oppfylt.

2.3 Forvalningsstyresmakt

Aktuelle kommunar skal, gjennom nye rutinar, gjennom høyringsprosessen gje tilbakemelding på om dei ønskjer å få tildelt forvaltningsmyndighet for nye verneområde. Dette vil vere i tråd med gjeldande politikk på området. Forvalningsstyresmakt blir fastsett gjennom forskrifter når området blir vedteke verna.

For Svanøy var høyringsinnspelet om frivillig skogvern allereie handsama i kommunestyret då Statsforvaltaren fekk brevet med disse nye rutinane frå Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD). Brevet frå KDD om dei nye retningslinjene kom i samband med høyringa av Gyttavatnet naturreservat. Sjølv om vi ikkje fekk innspelet i samband med Svanøy-saka har vi likevel valt å ettersende spørsmålet til Kinn kommune om kommunen ønskjer å overta forvaltningsansvaret for naturreservata innanfor kommunen sine grenser. Per dags dato (27.02.2024) vurderer Kinn kommune om spørsmålet skal opp att til politisk handsaming. Vi vidaresender svaret frå Kinn kommune til Miljødirektoratet når det er oss i hende.

3. VIKTIGE ENDRINGAR UNDER BEHANDLINGA AV VERNEPLANEN

3.1 Namn

I oppstartsmeldinga vi sendte ut nytta vi namnet *Svanøy naturreservat* etter dialog med grunneigarane. Til oppstartsmeldinga fekk vi innspel frå Språkrådet om å nytte namnet *Svanøya naturreservat*. Vi la innspelet til grunn i det vidare arbeidet og endra namnet såleis til *Svanøya naturreservat* i høyringa. Under høyringa fekk vi innspel både frå grunneigarane, lokalbefolkninga og frå Kinn kommune om å gå tilbake til å nytte namnet *Svanøy naturreservat*.

Vi tilrår med dette Miljødirektoratet å bruke namnet *Svanøy naturreservat* i den vidare prosessen. Historisk har Svanøy ein sterk bokmålsinfluens grunna posisjonen øya hadde som bispesete, seinare fogdesete, øya låg under danskekongen som krongods og haugianarane brukte godset som hovudkvarter. Dei fleste tilknytt Svanøy i dag nyttar ordet i ubunden form, som til dømes Svanøy Stiftelse, Svanøy Røykeri, Svanøy hovedgård, med fleire. Namnet vil vere i tråd med det som blir brukt i daglegtale og signala er tydelege frå høyringsinteressene.

3.2 Avgrensing

Det er ikkje gjennomført endringar i den geografiske avgrensinga etter høyring.

3.3 Verneforskriftene

Vi la til ein del nye heimlar i verneforskrifta *før* høyring, men etter høyringa er det ikkje gjort endringar anna enn på namn. Vi tilrår at namnet på verneområdet blir *Svanøy naturreservat*.

4. FORVALTNING, ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVENSAR

4.1 Vurdering av samfunnsnytte og samfunnsøkonomiske konsekvensar

Området vil, etter revidering av arealplanane til Kinn kommune bli avsett til Landbruks-, natur-, frilufts- og reindriftsområde (LNFR-område). Kartlegging av naturverdiane er tidlegare gjennomført, og har blitt lagt til grunn i kunnskapsgrunnlaget for verneplanprosessen. Bruksinteresser er klarlagt gjennom høyring av verneforslag.

Vernet vil avgrense dei framtidige moglegheitene for m.a. skogbruk, jordbruk, mineralutvinning regulering av vassdrag, nedbygging og anna omdisponering frå natur til andre formål. Det er elles i verneplanprosessen lagt vekt på å komme andre interesser i møte gjennom avgrensing og forskriftsutforming.

Vi meiner at verneforslaget slik det no ligg føre har få negative konsekvensar. Samla sett vurderer vi det slik at dei samfunnsøkonomiske konsekvensane av vernet vil vere positive, noko også kommunen og bygdelaget set ord på i sine innspel til høyringa. Forslaget vil sikre natur som har ei positiv samfunnsnytte, sjølv om denne ikkje kan verdsetjast. Forslaget vil samtidig bidra til oppfylling av nasjonale og internasjonale forpliktingar om å vareta naturmangfaldet. Verneforslaget vil også sikre viktige område for friluftsliv.

Det er på gang eit arbeid på lokalt initiativ for å etablere eit naturinformasjonsenter for regnskog. Dersom arbeidet fører frem vil naturreservatet på Svanøy kunne spele ei viktig rolle i lokalsamfunnet med både arbeidsplassar og formidling av natur.

4.2 Forvaltningsmessige og budsjettmessige konsekvensar

Staten vil ta på seg kostnadene som følge av etableringa av Svanøy naturreservat, med utgifter til både forvalting og skjøtsel for å halde oppe og styrke verneverdiane. Det er stadvis mykje gran og andre framande treslag både innanfor og i nærliken til det tilrådde verneområde som må bli fjerna for å kunne restaurere den naturlege skogen. Gran og andre framande treslag har vore eit tema under møte der både grunneigarar og lokalsamfunnet er oppteken av restaurering av skogen. Sidan naturrestaureringa vil foregå på ei øy vil dette bli kostnadskrevjande, men vi vurderer at naturgevinsten er større enn ulempene.

Vi har signalisert at Svanøy blir prioritert med både forvalningsplan og naturrestaurering, men med etterhald om midlar over statsbudsjettet og kapasitet hos Statsforvaltaren i Vestland. I verneforskrifta § 10 står det at det *skal* (ikkje *kan*) utarbeidast forvaltingsplan med nærmere retningsliner for forvalting av naturreservatet. Forvaltingsplanen kan innehalda nærmere retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

4.3 Avveging skogvern – skogbruk

Miljødirektoratet og Landbruksdirektoratet fekk den 1. juli 2020 i oppdrag frå Klima- og miljødepartementet og Landbruks- og matdepartementet å greie ut forvaltingstiltak knytt til skogvern og konsekvensar for virket og bidraget skognæringa hadde til det grøne skiftet. I rapport M-2007-2021 har direktorata foreslått retningslinjer for avvegingar.

I oppdrag frå Klima- og miljødepartementet datert 8.11.2021 bad Klima- og miljødepartementet om at forslaget blir sett i verk, med nokre mindre justeringar. For privateigd skog skal forslaget setjast i verk for område der det blir motteke tilbod etter 1. februar 2022, og ved vern av offentleg eid grunn for område der det blir meldt oppstart frå og med same dato.

Tilboden frå grunneigarane på Svanøy om frivillig skogvern kom oss i hende før 1. februar 2022. Området blir derfor ikkje omfatta av oppdraget frå Klima- og miljødepartementet.

4.4 Forvaltningsmynde

Kinn kommune har førebels ikkje teke stilling til om dei ønskjer å overta forvaltningsmynde for Svanøy naturreservat. Vi sendte ein førespurnad til kommunen i etterkant av høyringa. Avgjerda til kommunen vil bli vidareformidla til Miljødirektoratet.

5. Skildring av Svanøy, med merknader



Figur 6 Kristtorn er ein art ein finn mange stadar på Svanøy. Forskarar trur at kristtornslekta kan ha sitt opphav heilt tilbake for over 200 millionar år sidan. Kristtorn likar seg berre i område med mild vinter og varm sommar, og vi finn den langs store delar av kysten vår. Foto: Statsforvaltaren i Vestland/ Maria Knagenhjelm.

Totalareal 5218 dekar.
Skogareal totalt 4800 dekar.
Produktiv skog 3900 dekar.

Verneformål og særskilte verneverdiar:
Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit område med gamal og lite påverka skog som inkluderer mellom anna boreonemoral regnskog, rik edellauvskog, gamal boreal lauvskog, og kystfuruskog som med si variasjon i form av naturtypar, økosystem, artar og naturlege økologiske prosessar har særleg verdi for biologisk mangfald. Det er eit mål å ta vare på verneverdiene i mest mogleg urørd tilstand, med stadeigne artar og

naturtypar og naturleg skogdynamikk, og eventuelt vidareutvikle dei.

Svanøy har vore kartlagt fleire gonger gjennom tidene og skogen har alltid vore vurdert som ein biologisk «hotspot». Tilbodsarealet på Svanøy inkluderer 14 naturtypelokalitetar med m.a. fattig og rik boreonemoral regnskog, rik edellauvskog, gammalskog av både boreal barskog og lauvskog, låglands- og kystfuruskog, samt ein lokalitet av gamal svartorsumpskog. Det finst ikkje tilsvarende skog med kombinasjon av denne storleiken, alder, berggrunn, variasjon og klima på Vestlandet, noko det høge talet av sjeldne, sårbare og truga artar er levande bevis for.

Boreonemoral regnskog og rik edellauvskog er høgt prioriterte skogtyper å verne meir av i fylket vårt. Varmekjær kjeldelauvskog med svartor er svært sjeldan i fylket, men finnast innanfor tilbodsområdet. Skogen er gjennomgåande urørt og gamal, og det er stadvis mykje daud ved. Ei lang rekke artar er registrert i området, og inkluderer den kritisk truga stiftpulselav (CR), den sterkt truga stjernerurlav (EN), og andre artar på den norske raudlista. Sistnemnte lav har Svanøy som einaste levestad i Sogn og Fjordane, og er elles registrert i Sunnhordaland, i Storbritannia og Nord-Amerika. Norge har eit særleg forvaltingsansvar for fleire av disse artane og naturtypane, då meir enn 25 % av den enkelte art/naturtype har ei vesentleg del av si naturlege utbreiing i Noreg. Sjå nettsaka vår for vedlegga frå Skoganalyse for betre oversikt over alle registrerte artar innanfor tilbodsområdet.

Svanøy ligg i kjerneområdet for fattig boreonemoral regnskog, ei truga naturtype som Noreg har eit spesielt ansvar for. Tilbodsområda er i si heilskap lågtliggjande, dei grenser mot fjorden på fleire sider av øya og det høgaste punktet er Vågsfjellet på 235 moh. Ingen øyer mellom Bergen og Molde har liknande variert og rik skogdekning som Svanøy. Føremålet med naturreservatet vil vere å ta vare på denne trua, sjeldne og sårbare naturen for framtida.

I tillegg oppnår området høy mangeloppfylling ved at det dannar eit storområde. Samla vurderer vi svært høg måloppnåing av manglar i skogvernet for Svanøy.

Svanøy ligger i kjerneområdet for regnskog, og saman med Osøyra naturreservat, som vart verna i 2023 på fastlandet innanfor Svanøy, vil disse områda danne grunnlag for eit større økologisk nettverk.

Inngrepsstatus og andre interesser:

Sjå kapittel 1.3 for omtale av inngrep og andre interesser. Eit kart over mykje brukte stiar ligg under innspelet til Svanøy grendalag i neste kapittel.

Samandrag av høyringsinnspele:

Verneplanen vart sendt på høyring til Norskog (som vidaresendte til grunneigarane), Kommunal- og moderniseringsdepartementet, Fiskeridirektoratet, Norges vassdrags- og energidirektorat – NVE, Landbruksdirektoratet, Vest politidistrikt, Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard, Vestland fylkeskommune, Luftfartstilsynet, Avinor, Kystverket, NTNU, Høgskulen på Vestlandet, Norsk institutt for bioøkonomi, Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag, Det norske skogselskap, Den Norske Turistforening, Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane, Fiskeri- og Havbruksnæringens Landsforening, Fortidsminneforeningen, Friluftslivets Fellesorganisasjon, Friluftsrådenes Landsforbund, Havforskningsinstituttet, Norsk institutt for naturforskning, KS - Kommunesektorens organisasjon, Natur og ungdom, NHO Reiseliv, Norges Bondelag, Norges Dykkeforbund, Fiskarlaget Vest, Norges Jeger- og Fiskerforbund, Norges Geologiske Undersøkelse, Norges Handikapforbund, Norges Kystfiskarlag, Norges Miljøvernforbund, Norges Naturvernforbund, Norges Orienteringsforbund, Norges Skogeierforbund, Norsk Biologforening, Norsk Bergindustri, Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Norsk Botanisk Forening, Norsk Industri, Norsk

Organisasjon for Terrengsykling NOTS, Norsk Ornitologisk Foreining, Norsk Sau og Geit, Norskog, Norsk Zoologisk Foreining, Sabima, Statens Kartverk, Statkraft SF, Statnett SF, Technogarden, Universitetet i Bergen, Universitetet i Tromsø - Norges arktiske universitet, WWF Verdens naturfond, Naturhistorisk museum, Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet, Vegdirektoratet, Stadnamntenesta på Vestlandet, Kinn kommune, Stiftelsen Svanøy hus, Svanøy beitelag, Svanøy grennautval, Svanøy havbruk as, Svanøy røykeri as, Svanøy segl inn as, Svanøy stiftelse, Svanøy tomt og anlegg as, Indre Sunnfjord turlag, Flora cykleklubb, Flora historielag, Flora jeger & fiskerforening, Flora krigshistorielag, Flora politistasjon, Flora Røde Kors, Flora skogeigarlag, Miljødirektoratet, Forsvarsbygg, Linja as avd Florø, Atle Asheim, Norges geologiske undersøkelse, Linja as, Telenor asa avd hovedkontor Fornebu, Telenor communication as.

Det kom inn 8 innspel til oppstartsmeldinga og 7 innspel til verneforslaget. Vi meldte offisiell start av vernearbeidet den 29. september 2023. Innan fristen den 1. november fekk vi inn 8 innspel. Kinn kommune fekk utsett frist ei veke, etter førespurnad. Vi fekk innspel frå Direktoratet for mineralforvaltning etter fristen, men valte å leggje alle innspela til grunn i verneforslaget som vart sendt på høyring.

Statnett sendte innspel til oppstartsmeldinga og Statens vegvesen sendte innspel til høyringa om dei ikkje blir påverka av vernearbeidet og derfor ikkje har merknadar.

Landbruksdirektoratet har nokre generelle innspel om traktorvegar og ferdselsvegar, og merking og rydding av slike, stølar/seterområde, beiting og reindrift. Direktoratet ber om at landbruks- og reindriftsfaglege interesser blir teke omsyn til i utforminga av verneforskrifta, og at høyringsdokumentet greier ut kva interessert det er i området. Direktoratet går også ut i frå at landbruksfagleg kompetanse blir involvert i forskrift og verneplan, samt den lokale landbruksforvaltninga.

Språkrådet sendte innspel til oss om namnsettinga, og tilrår oss å nytte namnet *Svanøya naturreservat*. I sentralt stadnamnregister er namnet på øya der det aktuelle verneområdet ligg registrert med skrivemåten *Svanøya* som prioritert form og *Svanøyna* som ikkje-prioritert form. Språkrådet skriv at gardsnummera til grunneigarane har gardsnamn Kvalstad (g.nr. 113), Grepland (g.nr 114), Erikstad (g.nr 116) og Svanøy (g.nr 117). Sistnemnte nyttar skrivemåten Svanøy som eineform. Språkrådet tilrår at øynamnforma *Svanøya* blir lagt til grunn for namnet på verneområdet og at namnet då bør vere *Svanøya naturreservat*.

Lisa Myklebust sendte innspel til høyringa der ho skriv at det vil kjenst feil å kalle naturreservatet for *Svanøya* naturreservat.

Atle Asheim er hytteigar på gards- og bruksnummer 113/19, ein tomt truleg skilt ut frå hovudbruket i 1989, ved Trædet, sørvest på Svanøy. Asheim fortel at han har hatt rett til å hogge ved til hytta si sidan han kjøpte hyttetomta. Veden har han hatt rett til å hogge på g. bnr. 113/5. Det var denne eigedommen som hyttetomten er skilt ut frå. Dette er også ein av eigedommene vi tilrår vern av i denne prosessen. Fordi hytta er uisolert har han hatt behov for ein del ved, og hogget litt ulike treslag, bortsett frå kristtorn, til fyring. Asheim fortel at han har felt tre her og der (plukkhogst), og hogget slik at det har vore minst mogeleg synlege spor etter aktiviteten.

NVE vurderte oppstartsmeldinga og oppmoda Linja AS om å uttale seg i saka, også i tilfelle utan konflikt. NVE er positiv til at nesten alle standardformuleringane for nettanlegg er inkludert i verneforskrifta for skogvernområdet slik at drift, vedlikehald og oppgradering kan bli gjennomført. NVE peikte på at det mangla ein dispensasjonsregel i § 7 som opna for oppgradering og fornying av kraftleidningar som ikkje fell inn under § 4, og bad om at denne blir inkludert. Til høyringa uttalar

NVE at det er positivt at alle standardformuleringar for drift, vedlikehald og oppgradering av linjenett er ivareteke i forslaget til verneforskrift.


Linja AS skriv i sitt innspel at dei har områdekonsesjonen i området og har ei 11 kV luftlinje i området mellom Kletten og Sagevatnet. Linja AS skriv at dei ikkje har planar om nye nettanlegg som vil komme i konflikt med verneområdet, men at det er viktig at drift, vedlikehald og oppgradering kan bli gjennomført på eksisterande anlegg. Linja AS bad om at standardformuleringa som opnar for oppgradering og fornying av kraftleidningar som ikkje fell under § 4 blir lagt inn under § 7.



Figur 7 Det er mange stiar på Svanøy som er tilrettelagt for naturoppleveling og folkehelse, og både besøkande og fastbuane nyttar stinettverket store delar av året. Foto: Statsforvaltaren i Vestland. Foto: Maria Knagenhjelm

Svanøy grendalag skriv om dugnadsinnsatsen som er lagt inn i vedlikehald av gamle stiar og ferdselsruter på Svanøy. Eit større arbeid vart m.a. gjort då EU-prosjektet Nordsjøløypa vart etablert på 90-talet koordinert av Fylkeskommunen. Grendalaget er tilfreds med verneforskrifta og at nokre stiar er opna for riding og sykling, mens andre likevel kan haldast opne og ved like sjølv om dei ikkje er markert på vernekartet. Ei av stiane som er markert på vernekartet er likevel for bratt til å kunne ri

og sykle utan omfattande oppgradering, og anbefaler heller å anten ta den ut eller velje ei anna trasé. Grendalaget vil inngå vedlikehaldsavtaler med grunneigarar utanfor vernegrensa for å kunne regelmessig opparbeide stinettverket. Dei vil også vere ein samarbeidspart for Statsforvaltaren for å ta vare på det rike naturmangfaldet på Svanøy, slik at det skal vere lett å leggje til rette for at folk kan komme rundt i naturen for å oppleve naturmangfaldet. Då vil også vernet få betre legitimitet. Grendalaget er oppteke av at den nye 5G-masta på Storåsen (Kvalstadfjellet) med tilhøyrande infrastruktur blir teke omsyn til i ver neprosessen, noko som er særskilt viktig for både næringslivet og tryggleiken til folk. Vedlagt innspelet frå Svanøy grendalag er eit kart over stiar på Svanøy, sjå under.



Figur 8 Svanøy grendalag si oversikt over alle stiane på Svanøy, der nokre er merka og skilta. Nordsjøløypa har sti både rundt Kvalstadfjellet og på Austneset. Kjelde: Svanøy grendalag

Kinn kommune skriv at kommunen er positiv til oppretting av naturreservat på Svanøy og støttar heilhjarta opp om grunneigarane sitt initiativ til frivillig vern av skogen. I vurderinga frå kommunedirektøren vert grunneigarane gitt ros for å gå føre og vise ansvar for å ta vare på natur som er viktig for Kinn kommune, Vestland fylke, og med det ta vare på artar som det berre finst eit fåtal av. Utgreiinga viser til at vernet er i tråd med innsatsområda i klimaplanen og også får ringverknadar for tiltak som til dømes tiltak mot framande artar. Kommunen vurderer at vernet vil legge grunnlag for positive ringverknadar for lokalsamfunnet og regionen elles, og må sjåast som ei mogelegheit gjennom merkevarebygging og reiseliv. Kommunen støttar grunneigarane sitt ønskje om namn på naturreservatet, at det bør bli Svanøy naturreservat, ikkje Svanøya naturreservat. Ved oppretting av eit naturreservat vil kommunen samkøyre arealføremål i kommuneplanen sin arealdel til det som vert vedteke av vernegrenser. Sjå meir omtale av dette under avsnitt Planstatus under kapittel 1.3. Kinn kommune skriv vidare at dersom det skal vinnast ut mineral på Storåsen så må verneforskrifta bli vurdert på ny. Under utgreiinga til kommunedirektøren står det at prøvetaking av mineralførekost bør bli inkludert som ein spesifisert dispensasjonsheimel i verneforskrifta slik at det kan opnast for prøvetaking av mineral, men at dersom det skal opnast for utvinning av mineral må vernet bli vurdert på ny. Kommunedirektøren har vidare nokre konkrete merknadar til forslaget

til forskrift. Det bør bli vist til naturmangfaldlova § 49 under forskrifta § 3 andre ledd bokstav b for å sterke vise til tiltak utanfor vernegrensa som kan påverke verneverdiane innafor vernegrensa. Det er vidare kunstig i forskrifta å vise til felling av rovdyr fordi det ikkje er rovdyr på Svanøy, og det er heller ingen definisjon av kva som er eit «stort» rovdyr. Kommunedirektøren skriv vidare at felling av mink og andre framande artar bør inn på lista dersom dei ikkje allereie er dekt av forskrifta § 4 første ledd bokstav b om jakt og fangst etter gjeldande lovverk. Kommunen stiller også spørsmålsteikn ved at uttransport av felt vilt inkluderer elg, då det ikkje er elg på Svanøy. Kommunen skriv vidare at opprettinga av eit naturreservat på Svanøy har ei så høg verdi at det bør bli etablert eit naturinformasjonssenter for skog.

Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) kom med fleire innspel i sitt brev til oppstartsmeldinga for Svanøy som framtidig naturreservat. Sidan området omfattar gamle gruveopningar frå den tida det var gruveverksemd på Svanøy bør disse bli kartlagt, skriv DMF, då det kan vere at ikkje alle gruveopningar er registrert i DMF sitt aktsemdskart. Der det er gruveopningar og tilhøyrande anlegg risikerer menneske og dyr liv og helse, og det må difor vere mogeleg å søkje om dispensasjon frå vernereglane for å sikre gruveanlegg for å unngå slik fare. Det kan og vere naudsynt miljøoppfølgingstiltak knytt til gamle gruver, men DMF er ikkje kjent med at det er aktuelt for



Figur 9 Gamal gruveåpning på Svanøy. Gruvedriften var lagt ned på 1920-talet. Det er truleg gode habitat for flaggermus i slike gruver. Etter innspela frå Direktoratet for mineralforvaltning er verneforskrifta tilpassa slik at ein kan søkje om å sikre slike gruveopningar dersom dei blir vurdert farlege for dyr og menneske. Foto: SFVL

Svanøy. DMF meiner Statsforvaltaren bør undersøkje om dette kan vere ein aktuell problemstilling.

Føresegn må tilpassast slik at naudsynt miljøoppfølging skal vere mogeleg.

Direktoratet for mineralforvaltning påpeiker også i sitt innspel til oppstartsmeldinga at det føreslegne verneområdet kan påverke ein førekommst av kopar, og at denne førekomsten ikkje er verdivurdert av Norges Geologiske Undersøkelse, NGU.

Kopar er viktig som råvare, jf. Noregs mineralstrategi. Brevet understrekar at Statsforvaltaren må hente inn informasjon og sørge for at det blir gjort ei vurdering av verdien til denne

mineralressursen. Direktoratet skriv vidare at verneprosessen må vurdere omsyn til mineralressursen, til dømes ved å opne for dispensasjon for å kunne undersøke førekomsten. Dersom omsynet til mineralressursen ikkje blir tilstrekkeleg vurdert vil Direktoratet for mineralforvaltning rå i frå vern av dei aktuelle områda på Svanøy (brev til oppstartsmeldinga). Til høyringa presiserer DMF at vern over kjende mineralførekomstar i seg sjølv ikkje er problematisk så lenge ein kan dokumentere at ressursane ikkje er av betyding og heller ikkje er aktuelle for uttak. DMF skriv vidare at dei ikkje er kjend med interesser knytt til gruvedrift i området på det noverande tidspunkt. I innspelet til høyringa skriv *ikkje* DMF meir om ei eventuell fråråding av vern etter naturmangfaldlova. Sjå heile uttala i vedlegget der vi har samla alle innspela til verneprosessen. DMF skriv vidare at Statsforvaltaren har teke omsyn til innspelet deira om behov for spesifiserte dispensasjonsheimlar knytt til omsynet til den gamle gruvedrifta, slik at det i verneframlegget er mogeleg å følgje opp sikring og miljøoppfølging av gamle gruveopningar.

Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane har sendt eit lengre innspel til høyringa av Svanøy naturreservat. FNF skriv at dei støtter Statsforvaltaren sitt arbeid med frivillig skogvern i fylket, og at dei applauderer og støttar grunneigarar som sit på viktige skogverdiar og som ønskjer å verne disse. FNF Sogn og Fjordane meiner at Svanøy er eit spesielt viktig område å verne, og at sjølv om naturkrisa er global er det på lokalt og kommunalt nivå at arbeidet må bli gjennomført. Det blir også påpeikt i innspelet at det er viktig å verne større, samanhengande natur og naturtypar for å unngå fragmentering slik at ein kan bevare funksjonelle økosystem.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi meiner at dei generelle innspela frå Landbruksdirektoratet er ivaretake i den framlagde forskrifta som er utarbeidd i dialog med grunneigarane. Brukarinteressene er elles greidd ut i tilrådinga, og det er ikkje stølar eller seterområde i området. Traktor- eller skogsbilvegar er halde utanfor vernegrensa.

Vi tok innspelet frå Språkrådet til etterretning etter oppstartsmeldinga og høyrte namnet *Svanøya naturreservat* i prosessen vidare. Høyringa genererte innspel frå både Kinn kommune, Svanøy grendalag og Lisa Myklebust om at vi skulle gå tilbake til å heller bruke det opphavlege namnet *Svanøy naturreservat*, i tråd med daglegtale og ønskje frå grunneigarane. Sjå meir om namn under kapittel 3.1.

Atle Asheim tok kontakt med oss etter at oppstartsmeldinga for frivillig skogvern på Svanøy var offentleg kjent. Norskog undersøkte saka om vedrettar knytt til hyttetomt skilt ut av landbrukseigedom. Dersom Asheim framleis hadde hatt rett til å ta ut ved på gards- og bruksnummer 113/5 ville det potensielt kunne utløyse krav på erstatning, i og med at hogst ikkje er i tråd med frivillig skogvern. Norskog hadde dialog med Statens skogtakstkyndig, og fann ut, jf. servituttloven av 29.11.1968 § 12, 1. ledd, at retten til å ta ut ved er gyldig i 25 år: *Rett til å taka trevyrke til hushald eller gardsbruk må ikkje heftast på skog for lengre tid enn 25 år eller manns og kones levetid*. Retten som Asheim har hatt er såleis gått ut på dato og såleis ikkje relevant for skogvernprosessen vidare.

Statsforvaltaren følte opp NVE sitt innspel. Linja AS fekk oppstartsmeldinga og sendte innspel til oss. Vi har inkludert standardformuleringa i § 7, og legg den inn i bokstav o) *oppgradering og fornying av kraftleidningar som ikkje fell inn under § 4.*

Vi set pris på innspelet frå Svanøy grendalag og ønskjer dialog om vidare prosesser med til dømes besøksstrategi og forvaltningsplan etter vernevedtak. Slik kan vi sjå betre på kva slags informasjon som er best å setje opp og kor ein best treff besökande for å gje kunnskap om både friluftsmogelegeheter og naturmangfaldet på Svanøy. Stien rundt Kvalstadfjellet registrerer vi er ein del av Nordsjøløypa, og denne er lett tilgjengeleg med hest og sykkel utan for mange høgdekoter. Vi

ser innspelet frå grendalaget om at det ikkje vil vere logisk å verken ri eller sykle på den markerte stien på Vågsfjellet fordi det er for bratt. Vi ønskjer likevel å la den stipla linja stå, då vi i prinsippet ikkje kan tilrå eit strengare vern enn det som har vore på høyring utan å leggje opp til ei ny høyring. Etablerte stiar kan haldast opne (dei grøne på det innsendte kartet frå grendalaget) og ein kan søkje om merking og rydding av nye stiar dersom det er behov for det og det ikkje er i strid med føremålet med vernet (i sårbare område). Vi ser at Svanøy er eit populært turmål, og at naturopplevingar også er viktig i formidling og forståinga av vernet. Vi har lagt inn formuleringar i forskrifter om at mobilmastra på Storåsen (Kvalstadfjellet) med tilhøyrande infrastruktur blir teke omsyn til i eit framtidig verneområde. Vi erfarte tidleg i dialogen om vern på Svanøy at mobilmastra på Storåsen var eit grunnleggjande vilkår frå både grunneigarar og lokalsamfunn, noko vi har teke omsyn til heile vegen.

For oversikta over gruveopningar og koparførekomsten spelt inn frå Direktoratet for mineralforvaltning viser vi til omtale med kart under kapittelet Andre interesser. Vi tok innspelet frå DMF til etterretning i høyingsframleggget og la inn ein dispensasjonsheimel i § 7 i verneforskrifta for å opne for sikring av potensielt farlege gruveopningar etter den historiske gruveverksemda. Likeins la vi inn ein dispensasjonsheimel for miljøoppfølging (sikring av eventuell forureining og liknande) dersom det viser seg å vere behov for dette. Vi etterspurde ytterlegare informasjon frå Direktoratet for mineralforvaltning (eller andre) om førekomsten av kopar, og kor vidt det var ein reell verdi på registreringa på Storåsen eller om det er ei registrering på eit teoretisk plan. Vi sette Norges Geologiske Undersøkelse (NGU) på mottakarlista for høyringa for å høyre deira vurdering, men fekk ikkje innspel frå dei. Vi vurderer at det ikkje er sannsynleggjort nasjonale mineralinteresser på Storåsen. DMF har heller ikkje gjenteke sitt innspel til oppstartsmeldinga, i høyringa, at direktoratet vil rå i frå vern av skogen på Svanøy grunna denne førekomsten. Dei skriv til høyringa at ei registrering av kopar ikkje treng å vere problematisk i eit verneområde så lenge ein kan dokumentere at den ikkje er interessant for utvinning. Vi inviterte breitt til innspel i høyringa med spørsmålet om denne førekomsten er mogeleg å utvinne, men har ikkje fått framlagt indikasjonar på dette. Vi har såleis ikkje lagt inn ein dispensasjonsheimel i verneforskrifta for å opne for prøvetaking av mineralressursar eller utvinning. Til oppstartsmeldinga formulerte DMF seg tydeleg på å ville ha ei slik opning for prøvetaking av mineral i naturreservatet. Når DMF ikkje har opprettheldt dette i sitt innspel til høyingsforslaget tolkar vi dette som at DMF er nøgd med at vi har tilpassa verneforskrifta med sikring av gruveopningar og miljøoppfølging, og at det ikkje kan sannsynleggjera nasjonale og tungtvegande mineralinteresser på koparførekomsten. Vi etterspurde, i høyringa, kunnskap om det kunne vere teoretiske mogelegheiter for eventuell underjordisk drift gjennom eksisterande eller nye gruveopningar utanfor vernegrensa, men har ikkje fått innspel på dette. Statsforvaltaren har ikkje ressursar eller kompetanse til å vurdere registreringa av kopar på Storåsen, og med svært mangefull informasjon tilgjengeleg i offentleg tilgjengelege databasar og utan fleire innspel på førekomsten i løpet av høyringa kan vi tilrå den same vernegrensa som vi la til grunn i høyringa. Ein framtidig status som naturreservat vil gjere det vanskeleg å utvinne mineral eller bergartar innanfor vernegrensa. Verneføremålet sikrar ivaretaking av det biologiske og geologiske mangfaldet i mest mogeleg urørt tilstand. Vi vurderer skogen i området som verdifull, og skogen i dette området utgjer også stor verdi i form av erstatning til grunneigarar, då det er mange kubikk storvaksen tømmer på Storåsen. I tillegg ønskjer vi å ta ut granbestanden i dette området på sikt, for slik å restaurere naturen og redusere spreyinga av framande treslag i verdifulle naturområde.

Vi er einige med Kinn kommune om at grunneigarane skal ha ros for å ønske å ta vare på den verdifulle naturen på Svanøy for framtida, og at skogvernet kan gje positive ringverknadar i lokalsamfunnet og regionen elles. Vi tek innspelet om å endre tilbake namnet frå Svanøya naturreservat til Svanøy naturreservat til etterretning, sjå elles omtale i andre avsnitt om namn. Det

passar godt at Kinn kommune er i prosess med arealplanen og tilpassar arealføremål etter vernet. Dersom det skal vinnast ut mineral på Storåsen må, som kommunen peikar på, verneforskrifta bli vurdert på ny. Vi vil påpeike at mineralforvaltning ikkje er ein aktivitet i tråd med føremålet med vernet i eit skogreservat, og at i så fall må vernegrensene bli endra slik at heile Storåsen fell ut av Svanøy naturreservat. Vi ser ikkje at det er å tilrå. Gruvedrift vil vanskeleg kunne bli kombinert med merkevarebygging, reiseliv og eit naturinformasjonssenter dersom det, på ein så sentral plass på øya, blir eit opent dagbrot med tilhøyrande utskipingskai. Vi vil såleis heller ikkje opne for prøvetaking av mineral i naturreservatet, då det er eit mål å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand. For dei enkelte merknadane til verneforskrifta vil vi i hovudsak vise til at malen for verneforskrifter oppretta etter verneplan for frivillig skogvern inneholder standardformuleringar om rovdyr og uttransport av felt vilt (inkludert elg). Når det gjeld forholdet som verneforskrifta har til naturmangfaldlova § 49 (om tiltak utanfor vernegrensa kan påverke forhold innanfor vernegrensa) vil det avhenge av det enkelte tiltaket. I utgangspunktet er det grensa som gjeld, så vil vi måtte ta stilling, gjennom naturmangfaldlova si § 49 om eventuell utanforståande aktivitet som eventuelt kan påverke dersom det blir aktuelt, men formuleringane i verneforskrifta følgjer også malen for frivillig skogvernområde. Fangst og jakt av mink (utan jakttid) og andre artar med jakttid vert regulert av forskriften si § 4 om jakt og fangst. Etablering av eit naturinformasjonssenter på Svanøy for skog ville Statsforvaltaren vore positive til å støtte opp om dersom det blir prioritert midlar til eit slikt senter gjennom forhandlingar på Stortinget.

Vi takkar for støtte frå Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane til vårt arbeid med frivillig skogvern, og hadde ikkje fått ein så vellukka prosess utan dei engasjerte grunneigarane og lokalsamfunnet på Svanøy.

Namn

Statsforvaltaren tilrår namnet Svanøy naturreservat, slik vi foreslo i oppstartsmeldinga. Vi legg med det avgjerande vekt på innspela frå grunneigarar, lokalbefolking og Kinn kommune, og ser såleis bort frå innspelet til Språkrådet.

Avgrensing

Statsforvaltaren tilrår avgrensinga som i høyringsforslaget, sjå neste side.

Verneforskrift

Det er gjort endring i namnet på verneområdet etter høyring. Elles tilrår Statsforvaltaren verneforskrifta som i høyringsforslaget. Verneforskrifta ligg på side 22-25 i dette dokumentet.

Tilråding

Vi tilrår at området blir verna som naturreservat med verneforskrift og vernekart i samsvar med høyringsforslaget.



Framlegg: Forskrift om vern av Svanøy naturreservat, Kinn kommune, Vestland

Fastsett ved kongeleg resolusjon xxxx med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfaldlova) § 34 og § 62. Fremja av Klima og miljødepartementet.

§ 1 Føremål

Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit område med gamal og lite påverka skog som inkluderer mellom anna boreonemoral regnskog, rik edellauvskog, gamal boreal lauvskog, og kystfuruskog som med si variasjon i form av naturtypar, økosystem, artar og naturlege økologiske prosessar har særleg verdi for biologisk mangfald.

Det er eit mål å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, med stadeigne artar og naturtypar og naturleg skogdynamikk, og eventuelt vidareutvikle dei.

§ 2 Geografisk avgrensing

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: Kinn kommune: 113/1, 113/5, 113/22, 114/1, 116/1, 117/1, 117/7, 117/10.

Naturreservatet dekker eit totalareal på ca. 5218 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet xxxx. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart blir oppbevart i Kinn kommune, hos Statsforvaltaren i Vestland, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

§ 3 Verneregler

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande verneregler:

- a. Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerna planter og sopp inkludert lav eller delar av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetjing av dyr er forbode.
- c. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endra naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde, andre varige eller mellombels innretningar, parkering av campingvogner, brakker e. l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkledningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling eller lagring av masse, utføring av kloakk eller andre konsentrerte ureiningar, plassering av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske middel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømmande.
- d. Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.

§ 4 Generelle unntak fra vernereglane

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a. beiting
- b. bålbrening med tørrkvist frå bakken eller medbrakt ved i samsvar med gjeldande lovverk
- c. sinking av bær, nötter og matsopp
- d. jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk
- e. oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt
- f. felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk
- g. utsetjing av saltsteinar
- h. varsam fjerning av mindre mengder kvist i siktlinjer i samband med storviltjakt
- i. vedlikehald av eksisterande stiar, anlegg og installasjonar i samsvar med tilstanden på vernetidspunktet
- j. vedlikehald og bruk av eksisterande jakttårn
- k. drift og vedlikehald, samt naudsynt istandsetjing ved akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi-, kommunikasjons- og kraftanlegg
- l. oppgradering eller fornying av kraftleidningar for heving av spenningsnivå og auking av linetverrsnitt når dette ikkje skadar verneverdiane i verneføremålet nemneverdig.
- m. fjerning av småtre frå framande treslag.

§ 5 Regulering av ferdsel

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a. Motorferdsel er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b. Utanom stiar vist på vernekartet er bruk av sykkel, hest og kjerre, samt riding forbode.

§ 6 Generelle unntak fra ferdelsreglane

Ferdelsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltingsoppgåver som er bestemt av forvaltingsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingskjøring.

Ferdelsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. naudsynt motorferdsel for uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal være skånsamt mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av kjøring
- b. naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget
- c. landing og start med Forsvarets luftfartøy
- d. naudsynt motorferdsle i samband med akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi-, kommunikasjons- og kraftanlegg. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendast melding til forvalningsstyresmakta.
- e. bruk av hest for å kløvje ut felt hjort.

§ 7 Spesifiserte dispensasjonsreglar

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til

- a) tiltak i samband med forvaltning av vilt og fisk
- b) uttransport av felt elg og hjort med anna køyretøy enn lett beltekøyretøy nemnt i § 6 annet ledd bokstav b
- c) istandsetting, vedlikehald og naudsynt skjøtsel av kulturminne
- d) tilretteleggingstiltak og oppsetting av turpostar på eksisterande stiar
- e) ringbarking og felling av norsk gran og framande treslag
- f) oppføring av gjerde i samband med beiting
- g) bruk av naturreservatet til miljøbasert reiselivsverksemd i samsvar med plan godkjent av forvalningsstyresmakta
- h) avgrensa bruk av reservatet for aktivitetar nemnt i § 3 annet ledd bokstav d
- i) gjenoppføring av anlegg eller installasjonar som er gått tapt ved brann eller naturskade
- j) tiltak i samband med forsking og overvaking
- k) oppsetting av nye jakttårn eller flytting av eksisterande jakttårn dersom viltet endrar trekk
- l) øvingskjøring for føremål nemnd i § 6 første ledd
- m) naudsynt motorferdsle i samband med drift og vedlikehald, samt oppgradering og fornying av eksisterande kraftleidningar og kommunikasjonsanlegg
- n) naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar nemnd i § 4 bokstav g og i, og § 7 bokstav a, c, e, f, i, j og k
- o) oppgradering og fornying av kraftleidningar og kommunikasjonsanleggsom ikke fell inn under § 4
- p) sikrings- og miljøoppfølgingstiltak av gamle gruveopningar

§ 8 Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltingsstyresmakta kan gjera unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernet og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfoldloven § 48.

§ 9 Skjøtsel

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan setja i verk tiltak for å oppretthalda eller oppnå den natur- og kulturtilstanden som er føremålet med vernet, jf. naturmangfoldloven § 47.

§ 10 Forvaltningsplan

Det skal utarbeidast forvaltningsplan med nærmere retningsliner for forvalting av naturreservatet. Forvaltningsplanen kan innehalda nærmere retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11 Forvaltingsstyresmakt

Miljødirektoratet fastset kven som skal ha forvaltingsstyresmakta etter denne forskrifta.

§ 12 Ikraftsetjing

Denne forskrifta trer i kraft straks.